
2024



FRAMTIDSFYLKET
VESTLAND

Årsoppsummering 2024



Innhald

1. Om Framtidsfylket AS
2. Kort fortalt med tal
3. Helsing frå dagleg leiar
4. Styret si oppsummering
5. Trainee
6. Profilerings og kompetanse
7. Våre prioriterte berekraftsmål

1. Om Framtidsfylket AS

Vi jobbar for vekst og verdiskaping gjennom å rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft i Vestland.

Det gjer vi gjennom:

- Eit av landets mest attraktive regionale traineeordningar
- Historiefortelling
- Nasjonale kampanjar mot arbeidsmarknaden i Norge
- Karrieremesser og andre karrierearrangement
- Medlemsportal med ledige stillingar, arbeidsgjevarprofil og rådgjevingstenester innan rekrutteringskommunikasjon
- Merkevara #Vestlandslivet
- Kurs innan rekruttering for arbeidsgjevarane

Våre Verdier

Relevant

Samlande

Inspirerende

Selskapsinformasjon:

- Framtidsfylket AS har kontor i Førde, i Peak Sunnfjord, Hafstavegen 25, 6800 Førde og Smelteverket 57, Odda
- Vårt organisasjonsnummer er 992 403 896.
- Aksjeselskap med 35 eigarar
- Registrert i Foretaksregisteret, mva.registeret, arbeidstakarregisteret
- Omsetnad i 2024 - 6 735 189 MNOK
- Tal tilsette - 4 fast tilsette - alle kvinner
- Styret- 6 personar - 3 kvinner/ 3 menn

Tilsette



Linda Hovland

Dagleg leiar

+47 990 17 852

linda@framtidfylket.no



Kristine Slettehaug

Kommunikasjonsrådgjevar

+47 917 72 842

kristine.slettehaug@framtidfylket.no



Solveig Bjørhovde Rindal

Kommunikasjonsrådgjevar

+47 480 62 207

solveig@framtidfylket.no



Kine S. Vikse

Rådgjevar

+47 90 98 9738

kine@framtidfylket.no

2. *Eit år med Framtidsfylket*

Kort fortalt med tal

26 traineear

*14 samarbeid om
rekruttering til
arbeidsgjevarane i Vestland*

*500 innom Ta Steget -
karrieremesse*

*82 arbeidsgjevarar frå heile
fylket representert på Ta
Steget - karrieremesse*


*200 på Pizza og
karrierepitch på
Fjellsportfestivalen*

*150 deltok på FOLKA
rekrutteringskonferansen*

*12 arr. på 4 dagar under
Elevate- karrierefestival*

*326 000 har besøkt
Framtidsfylket.no*

*Over 1,5 mill nådd via
sosiale medium*



3. Helsing frå Linda Hovland, dagleg leiar

*2024 har vore
eit samhandlingsår*



Takk!

*Takk for samarbeidet til Ferd -
karrieresenter for yngre forskere,
Utdanning i Bergen, Vestland
fylkeskommune, NHO Vestland,
Sunnfjord Utvikling,
Norfjordkompaniet, Sogn næring,
små og store aktørar i Vestland.*

*I lag gjer vi ein forskjell for
arbeidsgjevarane i kampen om
arbeidskrafta*

”

.Aldri før har Framtidsfylket initiert og samarbeidd så breitt og mangfaldig med rekruttering som i 2024. Over 20 prosjekt og tiltak har vi vore involvert i.

Det er frå å vere partner i One Ocean Havbyen Bergen, delta i nasjonalt nettverk for traineeprogram til å involvere seg i lokale prosjekt som rekruttering til Haranger og Voss, og medarrangør av Elevate- karrierefestival.

I år har vi jobba tett med ein del arbeidsgjevarane om employer branding slik at dei lukkast med å få fleire søknader til sine stillingar. Eit arbeid vi ønsker styrke gjennom å samhandle betre med regionale aktørar. Dette har Vestland fylkeskommune applaudert. På tampen av året mottok vi tilskot til eit forprosjekt. Vi skal utvikle forslag til ein ny og berekraftig samarbeidsmodell for å tiltrekke og behalde nasjonal og internasjonal kompetanse i fylket.

Framtidsfylket er opptatt av at vi skal vere ein profesjonell samarbeidspart der både berekraft og verdi står i fokus. Fire år etter fylkessamanslåinga ser vi no behovet for ein strategisk gjennomgang av alle deler av selskapet der vi set mål for dei neste åra.

Det er eit arbeid vi ser fram til. Det er generelt lyst ut mange hundre fleire stilingar enn det er ledige jobbkandidatar. Vi treng bli tydelegare på kva roller, oppgåver og posisjon Framtidsfylket skal ta for at Vestland fylke lukkast med den omstillinga og verdiskapinga som ligg føre oss.

60 % av studentar som er ferdig utdanna har ikkje bestemt seg for kor dei skal starte karriera si- Vi kan ta i mot dei fleste i vårt fylke.

4. Styret si oppsummering

Framtidsfylket har i 2024 tatt eit godt steg i retning å vere ein profesjonell samarbeidspart for lokale og regionale utviklings- og rekrutteringsaktørar. Nasjonalt nettverk for traineeprogram og National network for international talent attraction and retention er nye samarbeid for å bidra til å gjere fylket attraktivt på jobbmarknaden ikkje berre i Norge, men også internasjonalt. I fylket er ein tett på satsingane til Vestland fylkeskommune, One ocean og Grøn region Vestland. Vi leitar heile vegen etter kunnskap vi treng for å bidra til at våre bedrifter lukkast med å tette kompetansegapet.

For å beholde internasjonal arbeidskraft som kjem hit blir det viktig å arbeide strategisk med nasjonale myndigheiter for at vi får til eit løft for internasjonal talentattraksjon. Då med ein tiltaksstruktur heilt ned på lokalt nivå.

Med relativt små ressursar har ein klart å ha fokus på å arbeide effektivt for å levere på det aller viktigaste oppdraget; Å sørge for vekst og verdiskaping i Vestland ved å inspirere til at fleire vel å jobbe og bu i fylket.

Styret meiner selskapet leverer godt på hovudtenestene som er å tilby alle arbeidsgjevarar i Vestland:

1. Traineeprogram
2. Profilering av #vestlandslivet
3. Nettverksarenaer for rekruttering
4. Rådgeving i employer branding

Framtidsfylket er no ein leverandør av tiltak til heile Vestland. Alle regionar i fylket var representert på Ta Steget - karrieremessa i Grieghallen og traineeprogrammet har fått godt fotfeste i Hardanger og nordfylket. Vi ser eit potensiale for å samarbeide med bu- og arbeidsregionar om å ha traineear i heile fylket om kort tid.



Styret

Leiar:

Nandor Helgheim, Eninvest AS

Øvrige medlemer:

Hilde Grinde, Kunnskapsparken Vestland
Lars Endre Gimmetad, Brødrene AA
Johanne Viken Sandnes, Sparebanken Sogn og Fjordane
Regine Johansen, Sogn og Fjordane Energi

Vara:

Nils Johan Ystanes, Ineos Tyssedal

Observatør

Per Odd Grevsnes, Vestland fylkeskommune

5. Framtidsfylket trainee



Mari (28) starta karrieren som trainee i Framtidsfylket.

Rugekasse for unge leiarar

Kvelden før Vestlandskonferansen inviterte Sparebanken Vest til middag og mingling.

På samtlege bord sat der tidlegare traineear. Fleire av dei deltek no i nettverk for unge leiarar i Sogn og Fjordane

-Linda Hovland, Framtidsfylket

**2023
2024**

36 traineear

- 650 søkarar
- 2 i Hardanger
- 33 i Sogn og Fjordane
- 29 av 35 framleis i fylket

**2024
2025**

26 traineear

- 35 stillingar utlyst
- 650 søkarar
- Frå Odda til Måløy

Programmet

Programmet skal bidra til å auke verdiskaping og innovasjonsevna til bedriftene og organisasjonane som deltek. Vi har fokus på at eigen motivasjon, verdi, sjølvinnstikk, relasjon skal bidra at ein får ein god start på arbeidslivet og leverer lønsemd for arbeidsgjevar. Sist men ikkje minst har vi stort fokus på å le, lage mat saman, sitte rundt bålet, ha det gøy, den gode samtalen og å oppleve Vestlandsnaturen og næringslivet. Vi skal kjenne på kor godt det er å ha eit felleskap og korleis dette skapar nye samarbeid og tette og nære venskap.

Kurs og workshops 2023/2024

- Erfaringsutveksling der ein motiverar og utfordrar kvarandre på tema som har vore krevjande i jobbstart.
- Workshops:
 - Personleg utvikling - relasjonsbygging, psykologisk trygghet, kjerneeigenskapar, verdivar og samhandling. Interkulturell kommunikasjon
- Kurs: Presentasjonsteknikk, møteleiing og bygge eiga merkevare for karriere.
- Studietur til Brussel



6. Profilering og kompetanse

For arbeidsgjevar



Årets tema:

Mangfold og inkludering

150 deltok

19 innslag

Tårer, latter og aha-opplevelingar.

FOLKA 2024 viste korleis mangfold og inkludering kan skape konkurransefortrinn og betre arbeidsmiljø

Saman med Sogn Næringsregion, Nordfjordkompaniet, Sunnfjord Utvikling og NHO Vestland har vi skapt den viktigaste møteplassen i vest for dei som jobbar direkte med rekrutteringsprosessar.

3 svært sterke historier

Medlemstenester 2024

Traineeprogram

- Tilgang på søkarar
- Mentorprogram

Abonnement

- Ledig stilling
- Eiga Employer branding side
- Rådgiving/sparring innan rekrutteringskommunikasjon– EmployerBranding T.d. enkel tilbakemelding på stillingstekst
- Ta del i marknadsføringa av #vestlandslivet

Andre tenester

- Kurs/konferanse til medlemspris
- Innholdsproduksjon, tekst bilde



Jobbkandidatar

Elevate -karrierefestival

Fag og fest i ei veke.

Vi kombinerer det faglege med det festlege og ønskjer vise fram ein variert og spennande arbeidsregion

- 12 arrangement
- 25 bedrifter
- Ekstra fokus på bygg & anlegg, yrkesfag og juss
- 23 direkte ønske frå deltakarar om å bli kontakta av ei eller fleire bedrifter etter arrangementa

-Dette er så bra at det må berre fortsetje. De er kjempeflinke!!!!



Andre møteplassar

Karrieremessa i Grieghallen

- 82 stands for mingling
- 3 seminar
- 200 bedriftsrepresentantar
- 500 deltakarar

Fjellsportfestivalen i Sogn

- 4 bedriftspitchar
- 200 besøkande

Andre karrieredagar vi deltok på:

- Econos på UIB
- Oslo Met - karriereuka
- Samfunnsviterne UIB
- Høyskolen Kristiania i Bergen
- Økonomidagen i Sogn
- Prospective i Trondheim - NTNU


6.1 Rekkevidde kommunikasjon

At jobbkandidatar finn fram til Vestland er det overordna målet for kommunikasjonen i våre kanalar

Vi har Vestland fylke sin einaste og største kommunikasjonskanal for samla profilering mot arbeidsmarknaden i Norge. Kontinuerleg bruk at relevante sosiale medium og god tilgang på historier er kritiske suksessfaktorar for å lukkast.

Mål: Fleire skal velge å arbeide og bu i Vestland fylke.

Hovudkanalar



Andre kanalar

Nyheitsbrev:

25 500 personar opna nyheitsbrevet vårt i 2024. Det er faste abonnentar på nyheitsbrev.

I tillegg til kjem annonsering på Google, Amedia, Schibsted, Sosiale medium, jobbportalar m.m. Årets traineekampanje hadde ei rekkevidde på 3,2 millionar. Snapchat blir kun brukt i marknadskampanjar

7. Våre prioriterte berekraftsmål

Det er 17 berekraftsmål og totalt 169 mål. Sjølv om alle er viktige og heng saman med kvarandre, så er nokre meir relevante for vår verksemd.

Vi tek med våre prioriterte berekraftsmål i oppsummeringa. Framtidsfylket er ein aktør som har eit stort samfunnsoppdrag og mange samarbeidspartar. Det er derfor viktig at vi set sterkt fokus på berekraft i vår strategiar og handlingar. Vi har som mål å sertifisere selskapet i ei av standardordningane i 2024



Mål nr. 8

Dette målet handlar om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Det er vesentleg for oss fordi vårt hovudmål er vekst og verdiskaping for Vestland gjennom rekruttering av kompetanse og arbeidskraft. Vi gjer det gjennom traineeordning, karrieremesser, jobbportal og historiefortelling om livet i Vestland.



Mål nr. 10

Dette målet handlar om å redusere ulikskap blant folk og regionar. Det er relevant for oss fordi vi bur i eit område der sentralisering, demografiutvikling og mangfald er utfordrande. Vi har som mål å bidra til innovasjon og utvikling i Vestland gjennom våre nettverk.



Mål nr. 13

Dette målet handlar om berekraftige byar og lokalsamfunn. Framtidsfylket sin leveranse gjennom regionale felles tiltak for å nå målet «vekst og verdiskaping for Vestland gjennom rekruttering av kompetanse og arbeidskraft» vil bidra direkte mot dette. Busetting i heile landet er svært viktig for den grønne omstillinga, nær våre fornybare ressursar ute i distrikta. I dei fleste distriktskommunar er ikkje mangel på arbeidsplassar som er problemet, men mangel på arbeidskraft.



Mål nr. 17

Dette målet handlar om samarbeid og partnerskap om å nå måla. Samarbeid om vårt samfunnsoppdrag har alltid vore viktig for oss. Dette skal vi bruke for å bidra til berekraftsmål. Her vil vi særleg samarbeide med våre medlemmer, bedrifter, kommunar, Vestland fylkeskommune og andre interessentgrupper.